




Statens vegvesen
Rogaland

Rygjavegen

Nr. 6
desember 1996
24. årgang



*God Jul
Godt Nyttår*

- 4 Svevestøvmålinger i Stavanger**
- 5 Tilrettelegging for kollektivtrafikk på Karmøy**
- 6 Synnøve Helland: Leiар for Distriktsseksjonen**
- 10 Fridtjof Simonsen: Meiningsfylt arbeid som bruvakt**
- 12 Snarveg til E18 på Jæren**
- 16 Vegmesterskapet i orientering**

Mange likar Rygjavegen -

men bladet kan bli ennå betre

Rygjavegen

Nr. 6 - desember 1996

Redaktør

Harald Sel

I redaksjonen

Eva Vivoll

Redaksjonsråd

Lewy Dalen

Halvor Folgerø

Anne Elise Njærheim

John Mathias Mathiassen

Sigurd Sæland

Reidun Vehus

Sats/layout

Sissel Gro Norland

Trykk

Allservice A/S

Forsidefoto

Torleiv Tveit

Baksidefoto

Harald Sel

Opplag

1900 eksemplar

Norfakta, som driv med markedundersøking og meiningsmåling, har kartlagt dei tilsette i Statens vegvesen sitt syn på intern informasjon. Ca 10 prosent av dei tilsette i fem fylke, Nordland, Sør-Trøndelag, Hedmark, Østfold og Rogaland, er intervjua.

For Rogaland sin del viser undersøkinga eit ganske godt resultat. 75 prosent meiner dei får nok info. om eige arbeidsfelt, 50 prosent meiner dei får nok info. om resten av etaten. Sjølsagt burde resultatet vore ennå betre, helst 100 prosent, men dei tilsette i Rogaland er meir fornøgde med den interne informasjonen enn gjennomsnittet for dei fem fylka.

Vegvesenfolk i Rogaland meiner at det interne bladet Infotavla og Rygjavegen har størst nytteverdi som info.kjelde. 60 prosent meiner at Infotavla har stor nytteverdi, deretter kjem Rygjavegen med 58 prosent. Dernest følgjer brosjyrer frå fylket med 37 prosent, årsplanar med 33 prosent, Vegen og Vi med 32 prosent og oppslagttavler med 20 prosent.

Oppløftande for Rogaland er det at nytteverdien ved dei fleste info. kjeldene blir vurdert å vera større enn landsgjennomsnittet. Særleg gjeld dette for det interne meldingsbladet og for det lokale bedriftsbladet. På landsbasis meiner 38 prosent at internbladet har stor nytteverdi og 31 prosent meiner at det lokale bedriftsbladet har stor nytteverdi. I Rogaland er altså tilsvarende prosenttal 60 og 58.

For oss som arbeider med Rygjavegen er undersøkinga ei oppmuntring. Den viser at mange set pris på bladet. Dermed er det ikkje sagt at alt er såre vel. Det går alltid an å bli betre. Skal me klara det, treng me også di hjelp. Kontakt oss når du har noko på hjarta og gje oss tips.

God Jul og Godt År i 1997

Eva og Harald



Utsyn frå Gloppefjordura
Foto: Harald Sel

INNHOLD

Mange likar Rygjavegen	2
Vegsjef-teigen	3
Svevestøvmålinger i Stavanger	4
Rundkjøringer og trafikkterminal på Norheim ..	5
Synnøve Helland: Leiar for Distriksseksjonen ..	6
Statens vegvesen Rogaland sin første el-bil	7
Pionerarbeid for betre miljø ..	8
Ny gang- og sykkelveg i Forsand	9
Fridtjof Simonesen: Meiningsfylt arbeid som bruvakt	10
Bruk hjelm !	11
Snarveg til E18	12
Trafikkdistrikt Midt-Rogaland	14
Vegmesterskapet i orientering	16
Kryssord	17
Pensionisttur til St. Petersburg	18
Når nettene blir lange	20
Nye medarbeidrarar	21
Ole Tafjord til minne	21
Einar Gitlesen til minne	21
HMS: Rapportering av nestenulykker	22
Fag- og svenneprøve uten lærekontrakt	22
Biff, raud vin og fersk fisk	23
Tillitsvalgtes spalte	23

Vegsjef-TEIGEN

Vi skal være konkurransedyktig

I strateginotatet for årsplan -97 har vi satt fokus på at vi skal være konkurransedyktig og effektiv i vår jobbutørelse. Dette temaet møtte ledergruppen med full tyngde på den regionvise ledersamlingen i Kristiansand i begynnelsen av november. Vegdirektøren hadde satt søkelyset på konkurransedyktighet og vi ble invitert med på en diskusjon om hva vi egentlig mener med dette uttrykket.

Diskusjonen avslørte at det ikke er lett å være entydig i denne definisjonen i vår etat. Det letteste er kanskje å begynne med Produksjonsavdelingen der begrepet etterhvert begynner å få mening. Der arbeides det aktivt med å få til et system for sammenligning med private entreprenører for de jobbene Produksjonsavdelingen gjør. Men det er ikke bare Produksjonsavdelingen som skal være konkurransedyktig. Også resten av etaten skal være det. Mange lever i den tro at det er «tryggere» å være på myndighetsavdelingene. Det er det ikke.

Det fins private aktører i markedet som kan løse de fleste av oppgavene vi gjør (eks. prosjektering, byggeledelse, kjøretøykontroll, regnskap m.m.).

Når vegvesenets konkurransedyktighet skal vurderes er det derfor hele etaten som blir vurdert og ikke bare Produksjonsavdelingen.

For å vise at vi er dyktig i konkurranse må vi ha noen å sammenligne oss med. Myndighetsavdelingene har ikke noe naturlig sammenligningsgrunnlag i privat sektor. Derimot har vi 19 andre fylker som stort sett driver med det samme på myndighetsavdelingene. Her ligger det et godt sammenligningsgrunnlag som vi må benytte oss av. «Benchmarking» er et moderne ord for den slags sammenligning. Det betyr enkelt og greit at vi må sammenligne oss med de beste i landet på enkeltområder og lære av dem. Her ligger det en stor utfordring for oss.


For å være konkurransedyktige skal vi i Statens vegvesen Rogaland være opptatt av å bedre arbeidsmiljøet og å sørge for kompetanseheving på de fleste fagområder i 1997. Det er våre felles satsingsmål. Vi kunne like gjerne tatt med kvalitets-sikring, ledelsesutvikling med vekt på god samhandling og kundebevissthet.

Nettopp kundebevissthet kan vise seg å bli et svært sentralt begrep i tiden som kommer. Vegtrafikktilsynet har vært opptatt av det i lang tid mot sine eksterne kunder. Det er kanskje vel så viktig å definere interne kunder og pleie et godt forhold til dem. Fornøyde kunder skaper optimisme og framgang også hos dem som leverer tjenestene.

Dette må både Produksjonsavdelingen og myndighetsavdelingene ha for øye i den rolledeilingen vi nå har. Med nytt budsjettssystem fra 1998 vil dette slå inn med full tyngde også i Administrasjonsavdelingen, men den utfordringen er jeg sikker på at de tar.

Det nærmer seg jul og da er det kanskje på sin plass å bevise at vi også er konkurransedyktige på hjemmebane. Ta tid til familien og kutt med god samvittighet ut jobben i julehelgen. (Vi får håpe vi unngår for mye snøfall). Da møtes vi kanskje på nyåret med nye krefter og nytt pågangsmot.

En riktig god jul og et godt nyttår ønskes dere alle!



*Inn i disse boksene tar noe av støvet veien.
Hver dag skiftes det filter i boksene.
Filtrene blir sendt inn til NILU for analysering.*



E18 Kannik i Stavanger sentrum har en ÅDT (årsdøgntrafikk) på 36 000. En gjennomsnitts fredags formiddag så det slik ut, biler og busser i begge filer og i begge retninger. Målebua står til venstre i bildet.

Svevestøvmålinger i Stavanger

Nå skal vi få målt hvor mye støv som virvles opp av piggdekkene i Stavanger. Slike målinger er foretatt både i Oslo, Bergen og Trondheim. Det er Statens vegvesen Rogaland som foretar disse målingene i samarbeid med NILU (Norsk institutt for luftforurensning) denne vinteren.

Målingene skal utføres i to perioder, den første fra 14. oktober til 14. desember, den andre fra 3. mars til 16. mai. Måleperiodene er valgt ut fra ulike forhold. Støvforurensningen varierer sterkt med vegbanens overflate, den øker også i piggdekksesongen og avtar etter endt piggdekksesong. Ut fra variasjoner som trafikkmenge, fartsgrenser osv. er det pekt ut fire målesteder. Disse er E18 Kannik, ÅDT (årsdøgntrafikk) 36 000, Rv 44 Mariero, ÅDT 20 000, Rv 509 Sunde, ÅDT 12 000 og en bakgrunnsstasjon ved Domkirka. På alle målestedene er det satt opp målebuer og installert nødvendig utstyr.

Måler det vi puster inn

Med målingene ønsker vi å få en oversikt over forurensningsbelastningen knyttet til vegdekkslitasjen fra piggdekk langs vegene i Stavanger. Siden det legges størst vekt på den eventuelle helsemessige belastningen fra støvforurensningen, blir målingene konsentret

om den «innhalerbare» delen av svevestøvet. Resultatene av målingene vil gi oss flere nyttige opplysninger som vi vil bruke i det videre arbeid med å redusere forurensningen fra piggdekk.

Ettersyn og filterskift

Det er folkene på Vaktsentralen som har jobben med daglig ettersyn av instrumenter og utskifting av filter. For ikke å få unødvendig tilsmussing kreves det stor nøyaktighet og riktig behandling avfiltrene. Tor Anfinn Rosland på Vaktsentralen forteller at de er ute en gang i døgnet, hele uka gjennom. I løpet av 1.5 time har de vært rundt på alle fire målestasjonene og skiftet filter, sjekket vakum og notert hvor mye luft som har passert gjennomfiltrene. Hver uke sendes filtrene og notatene inn til NILU, som analyserer og bearbeider prøvene.

Kostnader

Det er Trafikkavdelingen som er ansvarlig for prosjektet og finansieringa. Kostnadene er kalkulert til 200 000 kr i 1996 og 220 000 kr i 1997. Kostnadene omfatter leie, drift og faglig oppfølging/rapportering fra NILU, samt oppsetting av brakker, strømutgifter, filterskift og daglig tilsyn utført av vegvesenets egne folk. ■

Tekst og foto: Eva Vivoll

Rundkjøringer og trafikkterminal åpna på Norheim

Tekst og foto: Eva Vivoll

20. november ble to rundkjøringer og ny trafikkterminal på Norheim i Karmøy kommune offisielt åpna.

Det var ordfører i Karmøy, Kjell Arvid Svendsen, som foretok åpningen. Med anlegget på

Norheim er ferdelsen til næringsområdet tilrettelagt for både kollektivtrafikken, myke trafikanter og kjørende

Prosjektet omfatter bl.a.:

- Ombygging fra signalregulert kryss til rundkjøring i krysset mellom Karmsundgt. og Norheimsve.
- Ombygging til rundkjøring og flytting av kryss mellom Norheimsve. og Vormedalsve.
- Trafikkterminal med oppstillings plass for 5 busser og 7 drosjer, samt parkering.
- To nye kryss mellom Vormedalsve. og trafikkterminalen og kjøpesenteret.
- Ca 650 m gang- og sykkelveg, inkl. undergang under Norheimsve.
- Ca 1170 m forbindelsesveger og tilpassning til eksisterende veg.

Kostnader:

Tot. kostn. er beregnet til 13,3 mill kr

Finansiering:

Prosjektet er en del av Karmøy-pakken, en samarbeids- og finansieringsavtale mellom Karmøy kommune og Statens vegvesen.



Ordfører Kjell Arvid Svendsen hadde full kontroll da han klippte snora med klippetang. Vegsjefen følger spent med.

Vinteren beit godt i nesen da vegsjef Tor Geir Espedal kunne ønske velkommen til nok en åpning denne høsten.

- Prosjektet i Karmøy er ett av flere satsingsområder for vegvesenet når det gjelder kollektivtiltak, og jeg vil rette en stor takk til Karmøy kommune for en enestående vilje til å satse på kollektivtransport. I andre byer er kjøpesenter synonymt med større biltrafikk, men her på Norheim har det vært en bevisst tilrettelegging for busstrafikk, sa vegsjefen. Ordføreren kunne fortelle at planleggingen av Norheim kom i stand på grunn av storstilt utbygging av næringsvirksomheten i området. - Norheim er blitt et fint og tjenlig anlegg som får trafikken unna på en fin måte. Det er blitt et godt anlegg både for lokalbefolkingen, gjennomgangstrafikken og næringsområdet, sa ordføreren.

Rallarlunsj på Vigsnes

Etter åpning sto bussene oppstilt på trafikkterminalen, klar til å frakte gjester fra bl.a. NSB, Haugaland Billag og vegvesenet til Rallarlunsj på Vigsnes Grubemuseum. Her vanka det både rømmekolle og gammelost, sammen med gode ord. Ordføreren kunne

fortelle at kommunen hadde strukket seg langt for å få bygget dette anlegget, men kommunen hadde midler og velvilje til løsning, og samarbeidet med vegvesenet hadde vært både godt og konstruktivt. -Vi håper på det samme for framtiden, sa ordføreren. -Vi har fremdeles mange uløste prosjekter i Karmøy kommune.

God planlegging og utførelse

Ros vanket det også på våre egne folk. Planlegger, prosjektleder og ikke minst, arbeiderne i Produksjonsområde Haugesund fikk velfortjent ros av vegsjefen. Både for godt utført arbeid, og fordi anlegget har vært drevet helt uten skader.

Omfattende beplantning

Det er lagt stor vekt på det estetiske miljøet. Ca 1,2 mill kr ble satt av til beplantning og landskapsformig. Oppholds- og gangarealer er skjermet mot den verste trafikkstøyen med støyvoller og planter. Rundt trafikk-terminalen er det skapt et parkmessig miljø med planter og belegningsstein. Det er også bygd sammenhengende gang- og sykkelveg mellom Norheim, Karmøy, Haugesund og Vormedal.



På trafikkterminalen er det fem oppstillingsplasser for busser, samt parkering for drosjer.

Synnøve Helland - leiar for Distriktsseksjonen



Bindeledd
mellom
kommune og
Vegvesenet



Seksjonsleiar med fart og spenst. I ein ansvarsfull og krevande jobb kjem det vel med å ha idrettsbakgrunn og vera i god form.

- Eg er ei alminneleg jente som har gått på skule, fått meg jobb og familie og har det godt på alle måtar.

- Eg har ein jobb som det er fart i; det skjer noko heile tida.

Arbeidet er interessant og utfordrande så eg trivst veldig godt. Men det er travelt.

Eg skulle ønska eg hadde meir tid, ikkje minst til større kontakt med kommunane.

Dette seier Synnøve Helland.

Sidan omorganiseringa sommaren 1995 har ho vore leiar for Distriktsseksjonen ved Statens vegvesen Rogaland si utbyggingsavdeling.

Intervju og foto: Harald Sel

Arbeidet som leiar for Distriktsseksjonen inneber kontakt med den politiske- og administrative leiinga i 22 av dei 26 kommunane i Rogaland. (Kommunane Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg høyrer inn under Utbyggingsavdelinga sin storbyseksjon.) Synnøve Helland og dei fem medarbeidarane på seksjonen hennar er bindeleddet mellom distriktskommunane og vegvesenet når det gjeld nye utbyggingsprosjekt

Rask karriere

Synnøve fylte nyleg 30 år, så ho har gjort ein rask karriere. Ho er fødd i Ølen og budde her til ho var ferdig med vidaregåande skule i heimbygda. Deretter utdanna ho seg til sivilingeniør ved NTH i Trondheim. Seinare har ho studert bedriftsøkonomi på kveldstid, slik at ho også har eksamen som bedriftsøkonom.

Ho er gift med Einar Vevatne frå Etne som også er sivilingeniør og for tida

prosjektleiar i entreprenørfirmaet Selmer. Ekteparet har ein gut på to år.

NTH og Vegvesenet

Som diplomoppgåve ved NTH laga Synnøve produksjonsplan for ein parsell av ny E18 ved Trondheim for Statens vegvesen Sør-Trøndelag

- Denne parsellen er ikkje utbygt ennå, men eg håpar dei kan gjera seg nytte av produksjonsplanen min når vegen skal byggjast, seier ho. At så skjer, er vel sannsynleg. Etter som ho fekk arbeid ved Statens vegvesen Sør-Trøndelag straks ho var ferdig sivilingeniør i 1989, må ho ha gjort eit godt arbeid med diplomoppgåva/produksjonsplanen. I Sør-Trøndelag arbeidde ho først som kontrollingeniør og seinare som byggeleiari på anleggssavdelinga.

Til Rogaland

Til Rogaland kom Synnøve i 1991, då ho blei tilsett som byggeleiari for Ytre

ringveg vest (Rv 1) fra Hillevåg til E18. Dette prosjektet var ferdig i oktober 1994. Deretter var det fødsel og omsorgspermisjon, før ho overtok si nåverande stilling. Som leiar for distriktsseksjonen har det vore viktig for Synnøve å gjera seg kjent i fylket. Ho har reist ein god del og besøkt dei fleste kommunane, men seier at ho skulle ønska ho kunne bruka meir tid på reising og utadvent arbeid.

- Eg har ennå eit stykke å gå før eg kjenner fylket godt nok. Men det skjer så mykje i kvardagen at eg får for lita tid til å koma meg ut.

Innfri alt

- Når du har møte med representantar frå dei ulike kommunane, er det vel ofte ønske om nye vegprosjekt som blir drøfta. Men vegvesenet sin «penge-sekk» gir truleg ikkje rom for så mange nye vegar i tida framover?

- Det stemmer. Kommunane fremjar ønske om mange gode prosjekt. Eg skulle ønska eg kunne innfri alt, men realiteten er berre ikkje sånn, slår ho fast.

Utfordringar

Synnøve meiner at den største utfordringa for Statens vegvesen på utbyggingssektoren er å sørga for at prosjekta blir utført til rett tid, rett kvalitet og i samsvar med kostnads-kalkyen. Elles brenn ho for at vegvesenet skal ha ei effektiv organisering, ha eit godt arbeidsmiljø og vera ein konkurransedyktig etat. Her er det også viktig med ein god personal-politikk og like gode lønnsvilkår som i det private næringslivet.


Interesser, arbeid og familie

Synnøve fortel at ho gjennom heile oppveksten har hatt svært mange fritidsinteresser. Særleg gjeld dette idrettsaktivitetar, langrenn, friidrett, fotball og volleyball, men ho har også vore med i sangkor og musikkorps. Nå blir det lite tid til den slags aktivitetar.

- Nå prioriterer eg familie, venner og arbeid, men trener så pass at eg held meg nokonlunde i form, seier ho.

- Kva tankar har du om karrieren framover?

- Eg har ingen konkrete tankar, men held alle muligheter opne. Når eg har jobba nokre år som seksjonsleiar, kan det vel henda eg har lyst til å prøva noko nytt. ■



Svein Kyte
med el-bilen
utanfor
kontrollhallen
ved Stavanger
trafikkstasjon.
- Bilen er grei
og effektiv i
bytrafikken,
seier Kyte.

Statens vegvesen Rogaland sin første el-bil Effektiv, driftsøkonomisk og miljøvennleg

Tekst og foto: Harald Sel

I omlag eit halvt år har Statens vegvesen Rogaland hatt i drift sin første elektriske bil. Bilen er norsk, heiter CityBee og blir laga av elbil-produsenten Pivco. El-bilen blir i første rekke brukt som budbil og anna tenestekjøring i Stavanger-området. Til dagleg er han stasjonert ved Stavanger trafikkstasjon på Mariero.

Energi for 80 km

- Bilen er grei og effektiv i bytrafikken, seier Svein Kyte ved Stavanger Trafikkstasjon, som er ein av brukarane. Kyte har også brukt bilen til litt lengre kjøring, - opp til 80 km utan lading, og det går greit. Maksimalfarten er 90 km/t, så bilen er heller ikkje noko sinke på motorvegen. I teorien skal bilen kunne kjøra opp til 100 km mellom kvar lading.

Enkel oppplading

Når ein skal lada opp batteria koplar ein bilen til ei vanleg stikkontakt. Pluggar ein t.d. i kontakta om kvelden er batteria fullt opplada om morgonen. Energibruken er svært låg. Omrekna frå elektrisitet til bensin er energibruken 0,03 liter pr mil. Det vil seia ein tiendedel av dagens mest energiøkonomiske bensinbilar.

Serieproduksjon i Norge

Til nå er det berre laga nokre få prototypar av CityBee og prisen er ganske høg, - ca kr 200.000,-. Men produsenten, Pivco, har nå bestemt seg for å starta serieproduksjon i Norge, og då håpar ein at prisen skal bli ein god del lågare. Erfaringane så langt tilseier at det kan bli aktuelt for Statens vegvesen Rogaland å kjøpa fleire el-bilar. Miljømessig er el-bilen svært interessant, særleg til bykjøring. I Rogaland er det opprettet eit Elbilforum med Ola Undheim frå Statens vegvesen som leiar, og Stavanger Energi har etablert eit service- og verkstadssenter for el-bilar. Elbilforum har som mål at ein innan 1999 skal ha 100 el-bilar i Stavanger-området.

Eit pionerarbeid krev ein god start, tykte me. Dermed strekte me nasjonalbandet, og let produksjonsleder Torbjørn Hogstad saga over snora.

Dei nytilsette tømrarane, Harald Hartvigsen t.v. og Ingvar Sikveland held i snora. Ein fornøgd huseigar; Bernhard Watne, står smilande i bakgrunnen.

Tekst og foto:
Eva Vivoll



Pionerarbeid for betre miljø

I Høylandsgata i Sandnes har no arbeidet med fasadeisolering av hus starta. Det er i alt fem hus som skal isolerast. Arbeidene består i skifting av vindauge og ventilær, samt fasadeutbetring.

Med dette arbeidet skal støynivået koma ned på eit tilfredsstillande nivå, og det er opphaldsrom som stue, kjøken og soverom som er prioritert.

Det er første gong i historia at Statens vegvesen Rogaland utførar fasadearbeid i eigenregi, difor må denne utbetringa kallast eit pionerarbeid i etaten. Produksjonsavdelinga har tilsett to tømrarar som skal gjera dette arbeidet. På sikt skal dei og bygga støyskermar og utføra anna tømrararbeid i etaten. Tømrarane, Ingvar Sikveland og Harald Hartvigsen, har begge brei erfaring frå tømrararbeid, og er også nyleg kursa i støyisolering og fasadeutbetring.

Finansieringsavtale

Arbeidet i Høylandsgata er eit av fleire miljøprosjekt som inngår i Miljøpakke Sandnes. Prosjektleiar Rune Gunnerød på Utbyggingsavdelinga fortel at Miljøpakke Sandnes er ein finansieringsavtale mellom Sandnes kommune og Statens vegvesen Rogaland.


Miljøpakken inneholder ein avtale om planlegging og gjennomføring av miljøtiltak i perioden 1995 - 2001. Med miljøtiltak meinar ein støytiltak som fasadeisolering og støyskerming, samt tiltak som beplanting og estetisk opprusting. I avtalen finns også ei tilskotsordning der huseigarar kan søkja om økonomisk tilskot til utbetringa. Gunnerød fortel og at utbetringa i Høylandsgata bare er begynnelsen på tilsvarende prosjekt i åra framover.

Eigenandel

I Høylandsgata må huseigarane betala ein eigenandel basert på kva tilstand veggar og vindauge hadde før utbetringa. Dei totale kostnadane er berekna til 500 000 kroner og det er Miljøpakken som betalar det meste. Arbeidet skal vera ferdig til jul.

Fornøgd huseigar

Arbeidet starta i Høylandsgata 7 mandag 28. oktober. Då me ankom tidleg på formiddagen var arbeidet alt godt i gang. Og det var ein fornøgd huseigar som tok i mot oss, trass i det uungåelege rotet som blir i kjøken og stove når vindauge og karmar skal rivast. Huseigaren, Bernhard Watne, rosar vegvesenet for det gode samarbeidet, og er glad for at familien no skal få eit betre innemiljø. Han var og fornøgd med finansieringsavtalen mellom Sandnes kommune og vegvesenet, som gjer at arbeidet ikkje blir for kostbart for huseigarane. ■



Her er Harald Hartvigsen i gang med å riva karmar på huset i Høylandsgata nr. 7.

Ny gang- og sykkelveg i Forsand

Betre vilkår for dei yngste



Mange brukarar var møtt fram til opninga. Barna frå barnehagen fekk utdelt refleks, og skulelevane fekk syklane sine kontrollert av lensmannen. Dei fekk også ei fôrmaning om kor viktig det er å bruka hjelm når ein er ute og sykla.

Mørkret hadde ikkje heilt slept taket då vegsjef Tor Geir Espedal om morgonen den 22. oktober svinga øksa og kunne erklæra enno ein veg i fylket for opna. Denne gong var det 1400 meter gang og sykkelveg i Forsand som låg klar til bruk. Rett nok hadde vegen vore fedig ei stund, men i samband med at vegsjefen skulle møte politakarane i kommunen blei han og beden om å opna vegen.

Vegsjef Tor Geir Espedal svinga øksa og kunne erklæra ein tryggara ferdsel for mijuke trafikantar. Øksa var eit syn i seg sjøl, med skaft henta frå naturen, og eit økseblad laga i same form som eit fimm på Landa frå bronsealderen. Det var ordføraren som hadde laga øksa.

Tekst og foto: Eva Vivoll

Gang og sykkelvegen går langs Fv 491 frå Øyren (ferjekaia) til Bergekrossen, og er ein viktig skuleveg.

Den går og forbi barnehagen, aldersheimen og kommunehuset.

Vegen har kostat knapt 1,6 mill. kroner, og han er finansiert av kommunale midlar og fylkesvegmidlar som var øyremerka gang-/sykkelvegprosjekt.

Godt samarbeid

Både ordførar Fridtjof Thorsen Norland og vegsjefen rosa det gode samarbeidet mellom kommunen og vegvesenet. Ordføraren sa at han håpa vegsjefen ville ha same omsorg for dei i Ryfylke som Torgeir Espedal, «Ryfylkevegens far» og på det nærmeste vegsjefens namnebror, hadde hatt. Vegsjefen takka for æra med å få opna vegen, og

meinte at denne opninga fekk vera ei generalprøve på det som skal skje i Forsand våren 1998 når Lysefjordbrua skal opnast. Han sa også at midlane frå fylkesvegbudsjettet kom seint og det var om å gjera å ha byggeklare prosjekt. Forsand kommune arbeidde raskt, og var parat til å betala halvparten av kostnadene, dermed kunne bygginga starta. ■

Båtar som skal til og frå det indre - hamneområdet i Kopervik må gå gjennom Strømsundet. Men over sundet går Strømsund bru, som er ein del av Rv 511, og under bruа er det berre tre meters seilingshøgde. Men det hindrar ikkje sjøtrafikken i særleg grad. Brua kan nemleg vippast opp etter behov og store fartøy kan passera. Ei av vaktene, som sørger for at bruа blir opna og lukka er vegvesenets Fridtjof Simonsen. Han har vore vakt ved Strømsund bru sidan hausten 1992. Då var helsa hans så dårlig at han sto i fare for å bli uføretrygda. Nå styrer han hydraulikken og storbåttrafikken gjennom Strømsundet, frå vakttårnet ved bruа. Det arbeidet klarer han godt og han trivst med jobben.



Fridtjof Simonsen ved instrumentbordet i vakttårnet ved Strømsund bru. Herfrå vippar han bruа opp og ned, når båtar skal passera sundet, og styrer trafikken både i Strømsundet og på Rv 511.

Fridtjof Simonsen slapp å bli uføretrygda

Meiningsfylt arbeid som bruvakt

Tekst og foto: Harald Sel

Statens vegvesen og Karmsund kommune har delt ansvar for vaktene på Strømsund bru, slik at kommunen og vegvesenet har vakthald annan kvar veke. For vegvesenet er Fridtjof Simonsen fast vaktmann med Birger Steine som avløysar.

Vaktordninga

Arbeidet som vaktmann omfattar både heimevakt og vakt ved bruа. Dagen startar med heimevakt frå kl. 7 til 9. Så følgjer vakt på bruа frå kl. 9 til 15 og deretter heimevakt til kl. 18.

Frå kl. 18 til kl. 7 neste morgen er vakttelefonen sett over til Røde Kors, slik at vakthavande der kan rykka ut og opna bruа i situasjonar der det er nødvendig.



Heimevakt

Fridtjof bur i Røysund som ligg 23 km frå Kopervik. Når båtar skal passera i den tida han har heimevakt, må han kjøra att og fram mellom Røysund og bruа. Det kan bli ein del turar, men som regel går det greit, fortel han.

- Eg får som regel beskjed i god tid frå båtar som skal passera, slik at dei slepp å venta. Men av og til ringer dei så tidleg at det blir ventetid for meg. I går venta eg nesten ein halv time på

Ein båt er på veg inn mot sundet. Fridtjof har stengt vegen og ved hjelp av hydraulikk vippa han opp heile bruva, slik at båten kan passera. Opning og lukking av bruva tar ca seks minutt.



ein båt. Men det får så vera; ein må jo vera fleksibel, meiner Fridtjof.

Utolmodige bilistar

Sjølve opnings- og lukkingsprosessen for bruva tar ca seks minutt, litt avhengig av kva fart båtane har. Køane kan av og til bli ganske lange, og me spør Fridtjof om han ofte møter utolmodige og irriterte trafikantar.

- Ja det skal vera visst. Eg har opplevd dei som er så utolmodige at dei har

kjørt rett igjennom bommen; heldigvis før eg har starta hevinga av bruva, så det har gått bra.

Det hender også at folk kjem springande opp i vaktrommet og brukar kjeft. Det er i det heile utruleg kor utolmodige og aggressive somme bilførarar kan vera.

- Korleis taklar du slike situasjoner, når folk kjem og kjeftar på deg?

- Eg held meg heilt rolig og prøver å forklara situasjonen. At det nå ein gong er bestemt at båttrafikken skal kunna gå gjennom sundet. Eg gjer berre jobben min. Som regel roar dei fleste seg ned etter kvart.

Helseproblem

Fridtjof Simonsen er 56 år. Han har mekanisk utdanning og begynte på Statens vegvesen sin verkstad i Haugesund i 1974. For nokre år sidan begynte han å få helseproblem.

Diagnosen var psoriasis-leddgikt. Dette førte til leddproblem i nær sagt heile kroppen. Særleg store var problem med ryggen, stive albuar og stiv nakke.

- Eg gjekk og hangla ei tid på verdstaden men klarte ikkje å gjera ein skikkeleg jobb. Difor var det storarta for meg å få denne jobben. I tillegg til bruvakt-arbeidet, har eg litt smøring, spyling og vedlikehald. Dette kan eg ta i periodar når eg føler meg i rimeleg god form, så det går bra.

Alt til vegvesenet

- Eg er glad eg har fått denne muligheten. Slik som helsa hadde blitt, er det lite anna vegvesenarbeid eg kunne ha utført. Eg meiner at vegvesenet bør satsa på å få hand om oppgåver som folk med helseproblem kan makta, slik at dei slepp å bli uføretrygda.

Difor meiner eg og at vegvesenet burde hatt heile vakthaldet på Strømsund bru. Ein stor kommune som Karmøy har så mange muligheter til å finna alternativt arbeid for folk med helseproblem. Så vegvesenet bør arbeida for å overta heile bemanninga ved bruvakta, meiner Fridtjof Simonsen. ■

Bruk hjelm !

Sykkelskader for 1 milliard

Sykkelskader i trafikken kostar Norge ca ein milliard kroner i året. Dette viser ei undersøking som Transportøkonomisk institutt og avdelingsoverlege Gunnar Lande ved Sentralsjukehuset i Rogaland har gjort. Utrekningane er basert på registrerte skader ved Sentralsjukehuset og legevaka i Stavanger i 1991.

Lande uttaler til Rogalands Avis at ingenting tyder på at problemet har blitt mindre etter 1991. Snarare tvert imot. I 1995 blei det registrert 621 sykkelskader på Sentralsjukehuset mens skadetallet i 1991 var 470. I tillegg til dei registrerte skadane, reknar ein med store mørketall. Ganske mange sykkelulykker med personskade blir ikkje registrerte.

Undersøkinga viser at det skjer svært mange sykkelulykker i undergangar. I Sandnes og Stavanger er mange undergangar bygd i 90 graders vinkel. Dette fører til mange skader. I seinare år har Statens vegvesen i større grad bygde undergangane på skrå.

Mange av skadane kunne vore unngått, dersom syklisten hadde brukt hjelm. Men på dette området er det for tida ei gledeleg utvikling. Ei telling i haust ved 11 kontrollpunkt i Stavanger viser at 35,6 prosent av syklistane brukte hjelm mot bare 19,7 prosent i 1993.



Sauasaka heit godt på den nasjonalfjarga ulltråden, og med eit klypp kunne ordførar Gunnhild Vassbø erklæra vegen for opna. Naboardførarane, Eldar Odland, Hå kommune og Inge Haugland, Time kommune, held godt i snora, mens vegsjefen såg til at alt gjekk rett for seg.

Tekst og foto: Eva Vivoll

Snarveg til E18

Haustvinden var sterk nok til at også festflagga stod i stram giv akt då Rv 504 Osland - Bue blei offisielt opna måndag 14. oktober, og ordførar Gunnhild Vassbø kunne gje vegfarande mellom Jæren og E18 ein raskare og sikrare veg. Både arbeidarar, ordførare på Jæren og andre inviterte gjestar hadde møtt fram for å sjå på velsigninga. Dei gladaste av dei frammøtte var kanskje ekteparet Tordis og Elling Røysland, som i alle år har hatt vegen gjennom gardstunet sitt.



Det er blitt enkelt å koma seg på fisketur på Røyslandsvatnet etter at vegvesenet bygde veg ned til vatnet. Det skal visstnok vere mykje fisk i vatnet, så no er det god anledning til både å sikre seg middag og få tiltrengt rekreasjon.

DATA OM ANLEGGET:

Utbetring og omlegging av eksisteranede veg:

Lengde	5,3 km.
Kjørebanebreidde	2,75 m

Finansiering:

Totale kostnadar, inkludert kryssutbetring i krysset Rv 504/E18	18 mill. kr
Statlege midlar	9,4 mill. kr

Forskottering av kommunane:

Hå kommune	2,7 mill. kr
Time kommune	2,7 mill. kr
Bjerkreim kommune	0,7 mill. kr



Musikantar frå Undheim og Eikeland skulekorps blaes sterkara enn vinden, og glade tonar sette gjestane i feststemning.

Det er mykje sauar i Bjerkreim kommune, så kva var vel meir naturleg enn at ordføraren tok i bruk sauasaks og ullgarn då ho opna vegen.

- Kommunikasjon er viktig både for den enkelte og for næringslivet. Tversambandet mellom Jæren og Bjerkreim har fram til no ikkje vore nokon tenleg veg, smal og svingete som han har vore. Han vart nok i si tid anlagt meir ut fra kor hesten lettast

kunne finna fram, sa Gunnhild Vassbø, før ho kutta snora og kunne sende første bilist forbi.

Viktig sambandsveg

Vegen mellom Varhaug og Bue er ein svært viktig sambandsveg mellom Jæren og E18. Den gamle vegen var både smal og svingete, og hadde nedsatt akseltrykk. Det førde til at det meste av tungtrafikken mellom Jæren

og E18 måtte kjøra om Sandnes eller Egersund. Vegsjefen framheva i sin tale betydninga vegen har for næringslivet, og sa videre:

- Dette er ei viktig hending, og Rv 504 blir no den viktigaste hovedvegen mellom Jæren og E18.

Fornøgde brukarar

